

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Kontrollutvalet i Vik kommune

Møtebok

Møtedato: 16.02.22

Møtetid: Kl. 14.00 - 16.30

Møtestad: Kyrkjestova

Saksnr.: 1/22 - 4/22

| Følgjande medlem møtte | Parti |
|------------------------|-------|
| Ronny Holen | SP |
| Marta Finden Halset | AP |
| Bjarne Larsen | AP |
| Ragnvald Grov Sørdal | H |

| Forfall meldt frå følgjande medl. | Parti | Følgjande varamedlem møtte | Parti |
|-----------------------------------|-------|----------------------------|-------|
| Björg Hønsi Aafedt | SP | Marianne Bøthun | SP |

| Andre møtedeltakarar | Rolle | |
|----------------------|---------------------|-------|
| Stig Årdal | Forvaltningsrevisor | Sak 3 |

| Ugilde | Sak | Følgjande varamedlem møtte |
|--------|-----|----------------------------|
| | | |

| | |
|-----------------------------------|--|
| Møteleiar: | Ronny Holen |
| Frå sekretariatet møtte: | Kristine Lie, PwC |
| Frå revisjonen møtte: | Stig Årdal, Vestland Revisjon KO (sak 3) |
| Dokument utlevert i møtet: | |
| Synfaring: | |
| Merknader: | |

Underskrifter:

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

SAKLISTE

| | |
|--------|--|
| 1/2022 | Godkjenning av møtebok |
| 2/2022 | Drøftingssaker, skriv og meldingar |
| 3/2022 | Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2022 |
| 4/2022 | Årsmelding for kontrollutvalet 2021 |

Sak 1/2022 Godkjenning av møtebok

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---------------|----------|--------|
| Kristine Lie | 16.02.22 | 1/2022 |

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 24.11.21 vert godkjent.

16.02.22 KONTROLLUTVALET

Sak 1/22 VEDTAK

Møteboka frå møtet 24.11.21 vert godkjent.

Samrøystes.

Sak 2/2022 Drøftingssaker, skriv og meldingar

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---------------|------------|--------|
| Kristine Lie | 16.02.2022 | 2/2022 |

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Orienteringar, skriv og meldingar vert tekne til vitande

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

VEDLEGG

| Vedlegg nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|-------------|-----------|-------------|-----------------------------------|
| 1 | 03.02.22 | Vik kommune | Budsjett for kontrollutvalet 2022 |

Drøftingssaker:

- NKRFs kontrollutvalgskonferansen 2022
- Forum for kontroll og tilsyn - fagkonferanse 8. og 9. juni 2022
- Aktuelle saker 2022, orienteringar frå administrasjonen

16.02.2022 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet drøfta vedtak oversendt frå kommunestyret i KS-sak 009/22, der kontrollutvalet blir bede om å gjennomføre forvaltningsrevisjon av tekniske tenester.

Kontrollutvalet drøfta nærare problemstilling og avgrensing av tema for forvaltningsrevisjon av tekniske tenester i Vik kommune.

Sak 2/22 VEDTAK

Drøftingssaker, skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Kontrollutvalet syner til oversendt vedtak frå kommunestyret i KS-sak 009/22, der kontrollutvalet blir bede om å gjennomføre forvaltningsrevisjon av tekniske tenester i Vik kommune.

Kontrollutvalet vedtek å gjennomføre forvaltningsrevisjon av anbods- og innkjøpsrutiner innan tekniske tenester for å avdekke om anskaffingar innan tekniske tenester i Vik kommune skjer i samsvar med regelverk for offentlege anskaffingar. Gjennomgangen skal også sjå nærare på om det er samsvar mellom faktisk fakturering og kriterium nedfelt i anbudsgrunnlag.

Kontrollutvalet ber sekretariatet ta kontakt med Vestland Revisjon KO for å undersøke om dei har kapasitet til å gjennomføre forvaltningsrevisjonen med umiddelbar framdrift der prosjektplan for forvaltningsrevisjonen kan handsamast i møte 2. Dersom Vestland Revisjon KO ikkje har kapasitet til å gjennomføre ein slik forvaltningsrevisjon i tillegg til øvrige forvaltningsrevisjonsprosjekt, ber kontrollutvalet sekretariatet om å innhente tilbud og kostnadsoverslag frå andre aktørar.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Problemstilling og kostnadsoverslag oversendast kommunestyret for endeleg godkjenning, der kommunestyret blir bede om å løyve naudsynte midlar til gjennomføring av forvaltningsrevisjonen med umiddelbar framdrift.

Samrøystes.

Sak 3/2022 Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2022

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---------------|------------|--------|
| Kristine Lie | 16.02.2022 | 3/2022 |

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram utan tilråding men for drøfting i kontrollutvalet.

16.02.22 KONTROLLUTVALET

Forvaltningsrevisor Stig Årdal presenterte prosjektplanen for forvaltningsrevisjon knytt til internkontroll og avvikshandtering i Vik kommune.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål, og drøfta nærare tilpasningar av prosjektplanen. Kontrollutvalet synte mellom anna til viktigheita av at alle sektorar blir gjennomgått i høve revisjonen, men ynskjer likevel eit særleg fokus på avvikshandtering innan helse- og velferd og innan tekniske tenester.

Forvaltningsrevisor synte til at det i tillegg til dokumentgjennomgang kan vere aktuelt å gjennomføre spørreundersøking i samband med revisjonen. Kontrollutvalet drøfta dette, og konkluderte med at det er ynskjeleg at revisjonen også inkluderer spørreundersøking blant tilsette i Vik kommune.

Sak 3/22 VEDTAK

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen som ligger føre, med følgjande presiseringar:

- I tillegg til dokumentgjennomgang, blir det bede om at det blir gjennomført spørreundersøking blant tilsette i Vik kommune.
- Kontrollutvalet ber om at det i revisjonen særleg blir retta fokus på avvikshandtering innan helse- og velferd og innan tekniske tenester.

Samrøystes.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Sak 4/2022 Årsmelding 2021

| | | |
|----------------------|-----------------|--------------|
| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
| Kristine Lie | 16.02.22 | 4/2022 |

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

- Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2021.
- Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering.

VEDLEGG

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|-----|-----------|-------------------|--|
| 1 | 07.02.22 | Sekretariatet | Utkast til Årsmelding for kontrollutvalet 2021 |

16.02.22 KONTROLLUTVALET

Sak 4/22 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek vedalgde årsmelding for 2021.

Årsmeldinga vert sendt kommunestyret til orientering.

Samrøystes.
